



Dei to store leilighetene som vender mot sør er allereie utleigd. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det er framleis ein god utleigemarknad i Uskedalen. Det kan Bente Nilsen i Nilsen Eigedom konstatere etter første runde i marknadsføringa av dei fem nye leilighetene oppå SPAR-butikken.**

Førebels er tre av leilighetene utleigd. Det er dei to store på 110 kvadratmeter som vender mot sør og ein av dei tre mindre på 80 kvadratmeter som vender mot nord.

Ein av dei store, som er møblert, er utleigd til eit stort firma aom allereie har fleire arbeidsfolk på plass der.

Dei to mindre eilegheitene som framleis er ledige har det vore førespurnad om frå fleire utan at det førebels er skrive under noko kontrakt. Bente Nilsen er optimist også når det gjelder sjansane til snarleg utleige også av desse. Utleigeprisen er her 7.500 kroner.

- Vi er veldig godt fornøgd. V er gledeleg overraska over at det så langt har gått så raskt med utleiga, seier Bente.

Hvis det ikkje hadde klaffa med utleige, ville sal ha vore alternativet.

Av Ola Matti Mathisen